

Ingmar S. Vikane
Øvre Sagstad 59
5918 Frekhaug

Meland kommune
Postboks 79
5906 Frekhaug

18.august 2018


Ny vegskuldermur hindrar sikta ved utkøyning frå Øvre Sagstad 59.

Våren 2018 vart det sett opp ny mur på vegskuldra nedanfor utkøyrsla frå Øvre Sagstad 59. Denne muren er mykje høgare enn den gamle muren var, og visar seg å hindra sikta ved utkøyning frå Øvre Sagstad 59.

Kommunen, ved Harry Finnseth, vart pr. telefon 24.april gjort merksam på forholda. Han var ikkje rette vedkomande vart eg fortalt, men skulle bringa dette vidare i systemet. Etter dette har eg ikkje høyrte noko meir.

At sikta ved utkøyning er hindra er naturlegvis trafikkfarleg, og det må gjerast tiltak. Oppsetjing av autovern i staden for denne muren vil truleg løysa problemet, i alle fall i store delar av året ved at ein kan observera under autovernet. I periodar med snø og høge brøytekantar vil nok sikta framleis verta hindra, men dette er vel å rekna som eit generelt problem i periodar med høge brøytekantar. Å setja opp ein spegl vil ikkje løysa problemet då ein i stor grad ryggar ut frå tomte.

Med venleg helsing


Ingmar S. Vikane